



Vestland
vassregion

Saman for vatnet

Planprogram

for regional plan for vassforvaltning 2028-2033

Vestland vassregion



Planprogram

Planprogram for oppdatert vassforvaltningsplan for Vestland vassregion 2028–2033 var på høyring 1. januar til 30. juni 2025. I same periode var Hovudutfordringar i Vestland vassregion for planperiode 2028–2033 på høyring. Dokumenta er oppdatert på grunnlag av innkomne høyringsinnspel. Vestland vassregionutval slutta seg til planprogrammet 17.10.25. Dokumentet er vedteke politisk av fylka med areal i vassregionen. Planprogrammet er etter dette oppdatert med utsett høyringsfrist for oppdatert vassforvaltningsplan og tiltaksprogram for 2028-2033, i samsvar med Klima- og miljødepartementet si nye tilråding av november 2025.

Nettside:

www.vlfk.no

www.vannportalen.no/vannregioner/vestland

Eventuelle spørsmål om dokumenta kan rettast til:

Merete Farstad, epost: merete.farstad@vlfk.no

Framsida: Bilete av Kannesteinen i Måløy. Foto: Sveinung Klyve.



Vestland



Møre og Romsdal



Rogaland



Buskerud



Innlandet

Forord

Dette høyringsdokumentet presenterer forslag til planprogram (arbeidsprogram og framdriftsplan) og program for konsekvensutgreiing for arbeidet med å oppdatere den regionale vassforvaltingsplanen med tilhøyrande tiltaksprogram. Dokumentet omhandlar planprosessen og dei utgreiingane som er føreslått gjennomførte og angir forventingar til styresmakter som har rett og plikt til å delta. I tillegg opnar det for at andre interessentar kan medverke med kunnskap og synspunkt inn i arbeidet.



Innhald

Forord	2
Innhald	3
1 Innleiing	5
1.1 Planen sitt føremål	5
1.2 Bakgrunn for planarbeidet	5
1.3 Om planarbeidet	6
1.3.1 Høyring av hovudutfordringar	6
2 Hovudmålsetjing og prioriteringar	6
2.1 Vassmiljøet skal betrast og vernast mot negativ endring	6
2.2 Prioriteringar av tiltak i planarbeidet	7
3 Tema som bør få forsterka merksemd i planperioden	8
3.1 Faktorar som påverkar måloppnåing	8
3.2 Vanskar med å nå miljømåla eller urovekkande utvikling	8
3.2.1 Miljøgifter - Kjemisk tilstand i kystvatn	9
3.2.2 Eutrofiering /næringsbelastning - urovekkjande utvikling	9
3.2.3 Akvakultur og laksefisk	10
3.3 Andre tema	12
3.3.1 Arealforvaltning	12
3.3.2 Restaurering av vassdrag	12
3.3.3 Klimaendringar og klimatilpassing	13
3.3.4 Skogbruk	14
3.3.5 Avløp	15
3.3.6 Plast	15
3.3.7 Framande arter	16
3.4 Kunnskapsgrunnlaget og Vann-nett	16
3.5 Regionale planretningslinjer i vassforvaltingsplanen	16
4 Føringar og rammer for arbeidet	16
4.1 Internasjonalt samarbeid med felles mål	16
4.2 Forvaltning av nedbørsfelt	17
4.3 Lover og rammer for arbeidet	18
4.4 Nasjonale føringar og presiseringar	19
5 Verknad av vassforvaltingsplan og tiltaksprogram	19
5.1 Verknad for sektorstyresmakter	19
5.2 Samanheng med andre planar og miljømål	20
6 Vassregionen vår – planområdet	21
7 Organisering og ansvar i vassregionen	23
7.1 Oppgåver og ansvar	23

7.2 Organisering i Vestland vassregion	24
7.3 Organisering i vassområda i Vestland	26
8 Konsekvensutgreiing: planen sin verknad på miljø og samfunn.....	29
9 Planprosess, framdrift og medverknad	29
9.1 Framdrift og organisering av arbeidet.....	29
9.2 Plan for deltaking og medverknad	31
Vedlegg 1 Omgrep og definisjonar	34



1 Innleiing

Regional plan for vassforvaltning skal bidra til å sikre heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassmiljøet i tråd med vassforskrifta. Det overordna målet er at alt vatn skal ha god tilstand (økologisk og kjemisk miljøtilstand), jf. §§ 4 til 7 i [vassforskrifta](#). Den regionale planen skal no oppdaterast for planperioden 2028–2033.

I dette planprogrammet står det:

- kva som er føremålet med planarbeidet
- korleis prosessen fram mot oppdatert plan skal gjennomførast
- kven som er involverte i planarbeidet
- når du kan involvere seg og gi innspel
- kvar du finn meir informasjon

Hensikta er å gi rom for tidleg medverknad, god informasjon og dialog og føreseieleg framdrift for alle involverte.

Ordforklaring over omgrep og definisjonar ligg i vedlegg 1.

1.1 Planen sitt føremål

Regional plan for vassforvaltning med tiltaksprogram er planverktøyet til regionen for å sikre ei heilskapleg og samordna forvaltning av vassmiljøet, der alle sektorstyresmakter (statlege, regionale og kommunale) bidreg for å oppnå målet om god miljøtilstand i alt vatn.

Planen beskriv miljøtilstanden i vatnet og kva som er dei viktigaste faktorane som påverkar vassmiljøet. Alt vatn i elvar, innsjøar, kystvatn og grunnvatn (vassførekomst) har miljømål. Miljømåla vert fastsette ved vedtak av den regionale vassforvaltingsplanen og er heimla i kap. 2 i vassforskrifta. Informasjon om miljømål, miljøtilstand og status for måloppnåing for den einskilde vassførekomsten finn du i databasen [Vann-nett](#).

Til planen vert det laga eit tiltaksprogram som summerer opp alle tiltak styresmaktene har vurdert som nødvendige for å oppfylle miljømåla (vassforskrifta § 25). Tiltaksprogrammet er sektorovergripande og byggjer på kunnskapsgrunnlaget som er utarbeidd for dei regionale vassforvaltingsplanane. Tiltaksprogrammet skal vere i samsvar med nasjonale føringar og statlege planretningslinjer. Ansvarleg styresmakt har ansvar for å følgje opp tiltaka.


- [Informasjon om tiltaksprogram og tiltak i vatn](#)

I tillegg vert det utarbeida handlingsprogram for gjennomføring av planen jf. pl.b.§ 8-1.

1.2 Bakgrunn for planarbeidet

Arbeidet etter vassforskrifta er eit permanent, økosystembasert forvaltningssystem. Planarbeidet er eit fastsett krav i vassforskrifta, og vassforvaltingsplanane med tilhøyrande tiltaksprogram skal oppdaterast kvart sjette år. Ved rullering av planane vert det gjennomført ei oppdatering av status – kva er oppnådd i førre planperiode – for deretter å gjere nødvendige justeringar i inneverande planperiode for å kome i mål med fastsette miljømål (figur1).

Oppdatering av kunnskapsgrunnlaget (overvaking, inklusive problemkartlegging, oppdatering av Vann-Nett) og tiltaksgjennomføring skjer kontinuerleg.



Figur 1 Oversikt over planperiodar, kvar av dei på seks år. Ein oppdatert vassforvaltningsplan skal vedtakast før ny planperioden tek til. Arbeidet med å oppdatere planen tek til om lag halvveges inn i gjeldande planperiode, illustrert med turkis pil i planhjula.

Gjeldande regional vassforvaltningsplan og tiltaksprogram vart vedteken og godkjent i 2022 og gjeld til slutten av 2027. Planen skal no oppdaterast og justerast. Plandokument for planperioden 2022–2027 finn du her: [Regionale vassforvaltningsplanar](#)

1.3 Om planarbeidet

Vestland fylkeskommune er peika ut som vassregionstyresmakt for Vestland vassregion og skal koordinere arbeidet med oppdatering av vassforvaltningsplanen med tilhøyrande tiltaksprogram, leie vassregionutvalet og samordne bidraga frå sektorstyresmaktene. Arbeidet skal skje i nært samarbeid med statlege og regionale styresmakter og kommunar i vassregionutvalet. For meir informasjon sjå kapittel 6.

Deltaking frå aktuelle styresmakter er viktig for at oppdatert forvaltningsplan med tilhøyrande tiltaksprogram har eit godt nok kunnskapsgrunnlag og for at alle sider ved planen blir tilstrekkeleg belyst og tatt omsyn til. Dette føreset aktiv deltaking frå involverte styresmakter i alle delar av planprosessen. Vassregionen vil leggje til rette for deltaking gjennom møteverksemd, dialog, synfaringar og liknande i perioden dokumenta vert laga.

Det skal leggjast til rette for medverknad frå organisasjonar og allmenta. Statlege organ og kommunar har rett og plikt til å delta i planlegginga når denne får konsekvensar for deira verkeområde eller eigne planar og vedtak, jf. pbl § 8.3. Les meir her:

- [Bidrag frå ulike styresmakter i det regionale planarbeidet \(kapittel 2 i dei nasjonale føringane\).](#)
- [Kommunane sine oppgåver og ansvar i vassforvaltinga.](#)
- [Vassregionutvalet og rammer for vedtak.](#)

1.3.1 Høyring av hovudutfordringar

Samtidig med høyring av planprogrammet, er det også høyring av dokumentet om hovudutfordringar. Dokumentet inneheld oppdatert oversikt over miljøtilstand, påverknader og status for gjennomføring av tiltak. Ei felles forståing av kva som er dei viktigaste utfordringane vil gi et godt grunnlag for vidare samarbeid om forvaltningsplanen og tiltaksprogrammet.

2 Hovudmålsetjing og prioriteringar

2.1 Vassmiljøet skal betrast og vernast mot negativ endring

Føremålet i vassforskrifta er å sikre heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassmiljøet. Det overordna målet er at alt vatn skal ha minst god tilstand (økologisk og kjemisk) jf. § 4, 6 og 7 i vassforskrifta. Vassførekomstar med vesentlege fysiske endringar som følgje av samfunnsnyttig aktivitet, eksempelvis vasskraftregulering, har eigne miljømål som tek omsyn til den samfunnsnyttige aktiviteten, jf. § 5 i vassforskrifta.

For å verne og betre vassmiljøet skal det gjennomførast miljøtiltak. Dette er tiltak for å:

- verne vassmiljøet ved å gjere førebyggjande tiltak i vassførekomstar som har god tilstand i dag, men som er utsette for påverknader som kan gjere dei dårlegare på sikt.
- betre eller restaurere vassmiljøet der miljømåla ikkje er nådde i dag.

Betringstiltaka som skal gjennomførast, vert delte inn i grunnleggjande og supplerande tiltak. Grunnleggjande tiltak skal gjennomførast i samsvar med lovverket. Dette gjeld sjølv om miljøtilstanden er vurdert til å vere god jf. vassforskrifta. Supplerande tiltak skal setjast i verk dersom grunnleggjande tiltak ikkje er nok for å nå miljømåla. Det vil seie at det er måla i vassforskrifta som utløyser dei supplerande tiltaka.

I vassforskrifta § 4 er det eit generelt miljømål å verne vassmiljøet mot kvalitetstap jf. boks 1. I § 12 i vassforskrifta vert det stilt strenge vilkår for unntaksvis å tillate ny aktivitet eller nye inngrep i ein vassførekomst, som kan føre til at miljømåla ikkje vert oppnådde eller at tilstanden blir dårlegare.

Arbeidet må relatere seg til fristane i vassforskrifta. For vassforvaltingsplanane som skal gjelde i 2028–2033, skal tiltak vere operative innan utgangen av 2030 (§ 25), og miljømål skal vere oppfylte innan utgangen av 2033 (§ 8). Dersom naturtilhøva tilseier det, kan måloppnåing utsetjast (§ 9). I særskilde tilfelle der det er umogleg eller uforholdsmessig kostnadskrevjande å nå miljømåla, kan det fastsetjast mindre strenge miljømål (§ 10). Sjølv om unntak i form av tidsutsetjing eller mindre strenge mål vert brukte, skal alle praktiske tiltak som er mogleg å gjennomføre gjerast for å unngå kvalitetstap av tilstanden i vassførekomstane. Alle unntak skal revurderast ved kvar oppdatering av forvaltingsplanane.

Boks 1 Vassforskrifta

«... tilstanden i overflatevann skal beskyttes mot forringelse, forbedres og gjenopprettes med sikte på at vannforekomstene skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand» (§ 4).

«For grunnvann er målet god kjemisk og kvantitativ tilstand» (§ 6).

2.2 Prioriteringar av tiltak i planarbeidet

Prioritering av tiltak i planarbeidet handlar om fordeling av tiltaka geografisk (kvar startar vi) og over tid (kva gjer vi i denne planperioden, kva må vi utsetje til neste, og når oppfyller vi miljømåla eller har sytt for beskyttelse). Sektorane har derfor ei viktig rolle i å prioritere rekkjefølgja av eigne tiltak og ta stilling til måloppnåing og eventuell tidsutsetjing. Bruk av utsett frist for måloppnåing betyr ikkje utsetje å gjennomføre tiltak, men at det tek tid å gjennomføre dei eller å nå miljømålet. Dialogen i planarbeidet skal bidra til å samordne fleire sektorar.

Viktige hugsereglar i det vidare arbeidet:

- Kvar sektor må ta sin del av ansvaret, og prioritering handlar ikkje om å setje tiltak i ulike sektorar opp mot kvarandre.
- Grunnleggjande tiltak skal gjennomførast først og ikkje «setjast opp mot» supplerande tiltak i eigen eller andre sektorar.

- Dersom grunnleggjande tiltak ikkje er nok for å oppnå måla, må supplerande tiltak utgreiast og gjennomførast. Dersom gapet mellom dagens tilstand og miljømål er stort, kan grunnleggjande og supplerande tiltak med fordel gjennomførast samtidig.
- I vassførekomstar der tilstanden er god eller betre, skal grunnleggjande tiltak gjennomførast. Supplerande tiltak skal setjast i verk der det er nødvendig for å hindre at kvaliteten på vassførekomsten blir redusert.
- Tiltak for å oppnå krav i lovverk er ei prioritert oppgåve for «alle» og kan ikkje prioriterast bort.
 - Første prioritet bør vere vassførekomstar der tilstanden er moderat eller dårlegare og/eller der det er viktige brukarinteresser som for eksempel drikkevatt, badeplassar, fiskeinteresser eller liknande.
 - Andre prioritet bør vere resterande vassførekomstar, som er i god eller svært god tilstand, og/eller der det ikkje er viktige brukarinteresser.
- Vedtekne vernekrav for f.eks. drikkevasskjelder er ikkje emne for diskusjon i planarbeidet.

I det vidare planarbeidet vil nasjonale føringar klargjere det regionale og lokale handlingsrommet. Sjå kapittel 3.4.

3 Tema som bør få forsterka merksemd i planperioden

Dette kapitelet tek for seg eksempel på tema som det er behov for å jobbe meir med eller det ikkje har vore arbeidd nok med tidlegare og som bør få forsterka merksemd i denne planperioden.

3.1 Faktorar som påverkar måloppnåing

Dokumentet *Hovudutfordringar* gir ei oversikt over miljøtilstand og menneskeskapte påverknader på vassmiljøet i Vestland vassregion. Det er og andre meir overordna utfordringa som er kritiske for å nå miljømåla i Vestland:

- Låg måloppnåing på grunn av svak eller manglande tiltaksgjennomføring
- Behov for tydeleg regelverk med nødvendige verkemiddel og ressursar
- Behov for økonomiske midlar
- Behov for betre samordning mellom kommunar, regionale og statlege sektorstyresmakter og aktuelle interesser
- Målkonfliktar mellom vassmiljø og andre samfunnsinteresser
- Behov for betre kunnskaps- og datagrunnlag i Vann-nett

3.2 Vanskar med å nå miljømåla eller urovekkande utvikling

Innanfor nokre tema er vi ikkje i rute til å nå miljømåla eller har ei urovekkande utvikling. Dette gjeld særleg kjemisk tilstand i kystvatn, næringspåverknad i kystvatn og ferskvatn og å nå miljømåla på lakseførande strekning i vassdrag med påverknad frå akvakultur. Det må særskilt rettast ein forsterka innsats mot desse tema for å nå miljømåla, gjennomføre førebyggjande tiltak eller følgje godt med på utviklinga.

3.2.1 Miljøgifter - Kjemisk tilstand i kystvatn

Det er krevjande å nå god kjemisk tilstand i kystvatn i Vestland. Jo fleire målingar som vert gjort, jo fleire vassførekomstar vert klassifisert med dårleg kjemisk tilstand.

Få tiltak er skisserte i tiltaksprogrammet og gode tiltak for å rydde opp i mykje av ureininga finst ikkje. Målet om å nå god kjemisk tilstand i alle vassførekomstar innan slutten av planperiodane 2027 eller 2033 er av den grunn ikkje realistisk. I planperioden bør m.a. aktuelle sektorstyresmakter vektlegge:

- å få oversikt over alle kjelder til miljøgifter som lekker eller kan kome til å lekke til vassmiljøet.
- å få betre oversikt over plantevernmidlar og legemidlar
- å redusere utslepp av stoff som utmerkar seg
- å sanere miljøgifter om mogleg
- å setje gode vilkår i reguleringsplanar for å hindre nye tilførsar av miljøgifter som følgje av ny aktivitet

Dersom det er teknisk svært vanskeleg eller kostnadskrevjande å nå god kjemisk tilstand, kan det på sikt vere aktuelt å sette *mindre strenge miljømål* for kjemisk tilstand i sjø, jf. § 10 i vassforskrifta. Utgreiing med vurdering av aktuelle tiltak og korleis vilkåra i § 10 er stetta bør i tilfelle liggje som grunnlag for ein sett *mindre strenge miljømål* som miljømål for vassførekomstane.

Meir informasjon om kjemisk tilstand er omtalt i kap. 2.4 i dokumentet om Hovudutfordringar i Vestland.

3.2.2 Eutrofiering /næringsbelastning - urovekkjande utvikling

Eutrofiering i kystvatn - urovekkjande utvikling

Kysten av Vestland er kjenneteikna av lange, djupe fjordar med grunne tersklar, noko som fører til at vassutskiftinga av botnvatnet skjer sjeldnare enn i fjordar utan tersklar.

Klimaendringar fører til sjeldnare utskifting av botnvatn i fjordane og gjer dei meir sårbare for ureining. Dei bratte fjella i området fører til at meir organisk materiale blir vaska ut i fjordane som følge av auka nedbør. Kombinert med auka utslepp av næringsstoff frå akvakultur, landbruk og avløp, vil belastninga på fjordane forsterkast i tida framover. Dette aukar risikoen for overgjødsling av fjordsystema og oksygenmangel i djupet.

For mykje menneskeskapt tilførsel av næringssalt til sjø kan føre til en uønskt gjødslingseffekt. Dette kan resultere i algeoppblomstringar, som blant anna reduserer lyset som når ned i djupvatnet og fører til at store mengder algar dør og søkk ned til botn. Nedbrytinga av disse algane kan føre til oksygenmangel. Desse endringane kan føre til store endringar i leveområda (habitatforhald) og dermed det biologiske mangfaldet.

Statsforvaltaren ser teikn på ei negativ utvikling i nokre av fjordsystema våre der det er lengre tidsseriar med målingar på klorofyll, næringssalt og oksygen ved botn. Døme på fjordar dei følgjar med på er Hardangerfjorden og fjordane rundt Osterøy. Det er sett i gong overvaking av fjordar i regi av Statsforvaltaren og Byfjordundersøkinga i regi av Bergen kommune. Det er

viktig å vere i forkant og å snu utviklinga før det er for seint. Meir informasjon om eutrofiering i kystvatn går fram av hovudutfordringsdokumentet kap. 2.2.

Eutrofiering i ferskvatn

Innsjøane i Vestland står overfor fleire utfordringar knytt til overgjødsling og forureining av næringssalt, hovudsakleg på grunn av menneskeleg aktivitet. På grunn av Vestlandet sitt fuktige klima og auka nedbørsmengder som følgje av klimaendringar, blir meir organisk materiale, jordpartiklar og næringsstoff skylt ut i elvar og innsjøar. Til dømes vil auka nedbør auke overbelastninga av avløpssystem og føre til at ureinsa avløpsvatn renn direkte ut i elvar og innsjøar.

Sidan Vestland har ein del jordbruksaktivitet, vil auka avrenning frå gjødsla overflater bidra til endå meir utvasking og tilførsel av fosfor. Ny gjødselbrukforskrift har tredd i kraft med strengare reglar for spreining av husdyrgjødsel. Målet er å avgrense utviklinga med aukande fosfornivå i jord og høg avrenning til vassdrag.

Bygging av biogassanlegg med spreining av bioresten lokalt kan føre til auka fare for forureining om denne vert nytta i område som ikkje treng tilførsel av gjødsel dvs. kan føre til for høge verdiar av fosfor i vassdraga.

Mindre vassdrag med mykje avrenning frå avløp og landbruk har dei største utfordringane. Kommunane er sektorstyresmakt og har ansvar for å få god vasskvalitet i vassførekomstane.

Meir informasjon om næringsbelastning er omtalt i kap. 2.2.1 i dokumentet om Hovudutfordringar i Vestland.

3.2.3 Akvakultur og laksefisk

Det er særskilt krevjande å nå miljømåla på lakseførande strekning i Vestland. Mange anadrome vassdrag har vesentleg påverknad frå lakselus og genetisk påverknad frå rømt oppdrettsfisk. Biologisk påverknad frå lakselus på ville laksebestandar skal vere løyst innan 2027, jf. godkjenningsskildringa (2022) til vassforvaltningsplanen for 2022-2027. Det er med andre ord ikkje gitt utsett frist for å nå miljømålet med påverknad frå lakselus. Tilstrekkeleg med tiltak for å nå miljømåla skulle etter vassforskrifta vere operative innan utgangen av 2024. Det vil ta lang tid å vinne att den genetiske samansetninga i ville laksebestandar etter innkrysning med genar frå rømt oppdrettslaks. Vassdrag med dårleg eller svært dårleg tilstand for genetisk integritet vart i dei godkjente vassforvaltningsplanane for 2022-2027 gitt utsett frist til 2033 for å nå miljømåla

I gjeldande vassforvaltningsplan for Vestland (kap.1.1.7.1) bad vi aktuelle departement vurdere om:

- *trafikklyssystemet og lakselusforskrifta beskyttar villaks og sjøaure i stor nok grad til at miljømåla på lakseførande strekning vert nådd.*
- *det er skissert tilstrekkeleg med tiltak for å nå miljømåla i område med vesentleg påverknad frå rømt oppdrettsfisk og/eller lakselus i Vestland.*

Godkjenningsskildringa for planen peikar på at det ikkje er skissert tilstrekkeleg med tiltak for å nå miljømåla knytt til lakselus og rømt oppdrettslaks. Regjeringa har derfor i godkjenningsskildringa skissert fire utgreiingstiltak knytt til desse problemstillingane:

1. *Utgjeie korleis trafikklyssystemet påverkar arbeidet med å oppnå måla satt i kvalitetsnorm for villaks.*
2. *Leggje eit løp for å utarbeide kriterium for å inkludere sjøaure i trafikklyssystemet.*
3. *Utgjeie korleis lokalitetsstrukturen kan endrast med sikte på å beskytte enkeltbestandar av Atlanterhavslaks som er særleg utsette som følgje av lakselus.*
4. *Følgje opp det pågåande arbeidet om eit heilskapleg og meir effektivt system for overvaking og uttak av rømd oppdrettsfisk og framtidige krav til felles løysing for å spore fisken.*

Det er Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) i samarbeid med Klima- og miljødepartementet (KLD) som følgjer opp tiltaka. Under følgjer ein status for gjennomføring av tiltaka så langt Vestland vassregionutval kjenner til dei.

- 1) KLD og NFD har gitt Styringsgruppa for trafikklyssystemet i oppdrag å nedsette ei arbeidsgruppe som skulle gjennomføre ei utgreiing om korleis innrettinga på Trafikklyssystemet for kapasitetsjustering i oppdrettsnæringa påverkar moglegheita for at måla i Kvalitetsnormen for villaks nås, jf. punkt 1. Arbeidsgruppa konkluderer m.a. med at Trafikklyssystemet fører til brot på [Kvalitetsnorma for villaks](#); [Rapport om samsvaret mellom trafikklyssystemet for havbruk og kvalitetsnorm for villaks - regjeringen.no](#).

Dette betyr i praksis at miljømåla for vassførekomstane i laksevasdragar i Vestland ikkje vert nådd med dei reguleringar som følgjer av regelverket i dag og dei tiltaka som er skissert i tiltaksprogrammet for Vestland. Ny stortingsmelding om havbruk vart vedteke 12.06.25 (St. 24; 2024-2025). Her går det fram at Noreg skal ha ei verdsleiar og berekraftig havbruksnæring som skapar verdiar for kystsamfunn, nasjonal økonomi og global matforsyning. Havbruksnæringa skal bygge på faktisk og målbar miljøpåverknad. Ny regulering er venta å tre i kraft innan fire år. Departement med sektoransvar har ansvar for å utarbeide tilstrekkeleg med verkemiddel slik at miljømåla kan nås innan tidsfristen.

- 2) Metodikk for å inkludere påverknad av lakselus på sjøaurebestandane er ikkje ferdig utarbeidd og inkludert i arbeidet etter vassforskrifta, jf. punkt 2 over. Departement med sektoransvar har her eit ansvar for at også påverknader på sjøauren vert inkludert i arbeidet.

Påverknad av lakselus på sjøaure er rekna for å vere ei større belastning på sjøauren enn for laksen (kjelde: [Vitenskapleg råd for lakseforvaltning](#)).

- 3) Vassregionutvalet kjenner ikkje til status for gjennomføring av tiltak i punkt 3 i godkjenningsskjemaet.
- 4) Vassregionutvalet kjenner ikkje til status for gjennomføring av tiltak i punkt 4 i godkjenningsskjemaet.

Eit redusert smittepress frå lakselus vil vere eit vesentleg bidrag til å nå miljømåla for laksebestandane i Vestland. Sjøauren er og utsett for stort smittepress frå lakselus og vil og dra vesentleg nytte av eit redusert smittetrykk. Mattilsynet meiner det er nødvendig å vurdere ein meir formålstenleg lokalitetsstruktur for akvakulturanlegg, som kan bidra til å redusere smittepresset mellom anlegg og frå oppdrettsanlegg til ville laksebestandar. Eit slikt tiltak er i samsvar med Regjeringa sitt vedteke tiltak pkt. 3 over. I Vestland er det behov for å sjå

nærare på om og korleis lokalitetsstrukturen kan endrast med mål om å verne om laks- og sjøaurebestandane. Det bør utarbeidast eit kunnskapsgrunnlag som m.a. gjev oversikt over eigna og ueigna område for plassering av akvakulturanlegg i Vestland. Eit slikt grunnlag kan vere eit nyttig verktøy for kommunane, når dei reviderer arealplanane sine (KPA) og vurderer kor akvakulturområda kan ligge, og for arbeidet med Regional plan for areal og mobilitet som er under arbeid.

For å sjå nærmare på om lokalitetsstrukturen i Vestland bør endrast, er det behov for eit breitt samarbeid mellom ulike sektorstyresmakter. Vestland fylkeskommune har i prosjektet *Styrka marin innsats i Vestland* samla mange aktørar for å prøve å løyse utfordringane knytt til akvakultur i Vestland og kan vere ein arena for å utvikle eit slikt kunnskapsgrunnlag.

Meir informasjon om påverknad frå akvakultur er omtalt i kap. 4.7 i dokumentet om Hovudutfordringar i Vestland.

3.3 Andre tema

3.3.1 Arealforvaltning

Vassmiljøet skal ivaretakast i areal- og samfunnsplanlegginga. I alle former for arealplanlegging vil påverknad på vatn og handtering av vatn vere eit tema som må vurderast i planarbeidet. Førebyggjande arbeid for å bevare eit godt vassmiljø gjennom planlegging vil vere den billegaste og mest effektive måten å sikre berekraftig forvaltning av vassressursane på kort og lang sikt. Arealplanlegging er derfor eit viktig verkemiddel for å nå måla i vassforvaltningsplanen:

- Planretningslinjene i gjeldande vassforvaltningsplan må i større grad takast i bruk i kommunale planar
- Manglande ivaretaking av vassmiljøet i kommunale planar vil påverke måloppnåinga
- Gi plass til flaumvatnet langs vassdrag

3.3.2 Restaurering av vassdrag

Forbetring av miljøet i og rundt vassdraga får auka merksemd i heile verda. FNs berekraftsmål nr. 6 og 15 har delmål om å restaurere vassrelaterte økosystem, og Naturavtalen (2022) har mål om auka restaurering av natur. Direktoratgruppa for vassforvaltning har vedteke ein nasjonal strategi for restaurering av vassdrag (2021-2030), og det blir jobba med ein nasjonal handlingsplan for å følgje opp denne strategien. Miljødirektoratet ventar at tiltaksbehovet og ein meir heilskapleg tilnærming til restaurering av vassdrag og tilgrensa våtmarker vert innarbeid i det oppdaterte tiltaksprogrammet til vassforvaltningsplanen for 2028-2033.

Følgjande vil vere viktig i komande planperiode:

- Fysisk restaurering av vassdrag, inkludert restaurering av kantvegetasjon og fjerning av barrierar for fisk, vatn og sediment
- Restaurering av myr og våtmark

Sektorstyresmakter er oppmoda om å auke innsatsen for å kartlegge og oppdatere kunnskapsgrunnlaget om fysiske inngrep i og langs vassdrag. Forslag til tiltak for å betre

forholda vil inngå i oppdatert forvaltningsplanplan og tiltaksprogram for 2028-2033. Det er m.a. behov for å :

- kartlegge vandringshindre for langt vandrande fiskeartar
 - vegeigar har eit ansvar for riksvegar, fylkesvegar, kommunale vegar
 - gamle vassdragsinngrep t.d. NVE, kommune mfl. har eit ansvar
- kartleggje behov for å betre leveområda for trua artar som elvemusling og fiskebestandar særleg laks, sjøaure, ål i Vestland. Vandringsbarrierer og dødelegheit knytt til kraftverk er særlege utfordringar for ål, med flaskehalsar både ved oppvandring til oppvekstområde i vassdrag og nedvandring av kjønnsmoden ål. For elvemusling er målet er å oppretthalde alle noverande populasjonar og å sikre tilfredsstillande rekruttering. Sektorstyresmakter for påverknadar som reduserer leveområda har eit ansvar for å kartlegge og å betre tilstanden for elvemuslingar, ål, laks og sjøaure.
- kartlegge behov for å reetablere og utbetre kantvegetasjon
- vurdere behov for å redusere effektar av flaum gjennom restaurering av elvar (naturbaserte løysingar) samstundes som god miljøtilstand vert ivaretatt, t.d. ved å gi elvevatnet større plass ved å utvide elveløpet, opne stengde flaumløp etc.
- prioritere heile eller deler av vassdrag for vassdragsrestaurering i oppdatert plan, aktuelle sektorstyresmakter vert involvert i arbeidet
- vassdrag regulert til energiproduksjon:
 - prioritere vassdrag for vilkårsrevisjon
 - kartlegge behov for avbøtande tiltak i regulerde vassdrag som t.d. ripping av elvebotn, tiltak mot gassovermetting, effektkøying m.m.

3.3.3 Klimaendringar og klimatilpassing

Klimaet er i endring, og endringane er venta å auke i framtida. Både klimaendringane og klimatiltaka som vert gjennomført kan påverke vassførekomstane i regionen. Nedbøren er venta å auke. Ekstremvêr og flaum kan føre til omfattande forsøpling og ureining som følgje av overflauming, flaum og jordskred. Det er behov for å klargjere kva for aktørar som har ansvar for kva under slike hendingar for betre å unngå ureining og forsøpling jf. [rapport M-2835 frå Miljødirektoratet](#).

Fagsystemet/databasen Grunnforurensning kan nyttast som eit verktøy for å identifisere kva for lokalitetar som kan utgjere ein risiko for akutt ureining under ekstremvêr. Databasen gir i dag ikkje ei fullstendig oversikt, då mange ureina lokalitetar framleis ikkje er registrert. Vestlandsforskning har i FOU prosjekt *Vassforvaltar i eit endra klima* (Vassklimrisk) utvikla ein nettstad/database som viser overlapp mellom registrerte område med alvorleg ureining i Grunnforurensingsdatabasen og område som ligg utsett til for hendingar som flaum, skred og liknande ved ekstremvêr. Prosjektet har utvikla eit GIS basert ROS verktøy for å sjå på risiko og sårbarheit for klimapåverka spreiding av miljøgifter frå ureina lokalitetar. Risiko ved auka havnivåstigning inngår og i prosjektet. Kommunane vert oppmoda om å oppdatere databasen Grunnforurensing, slik at dei lettare kan vurdere faren for spreiding av miljøgifter under ekstremvêr og flaum.

Det er eit nasjonalt mål at samfunnet skal gjennomføre omfattande tiltak for å auke samfunnstryggleiken og avgrense skadeomfanget som følgje av klimaendringane. Klimatilpassing vil bidra til å verne vassmiljøet, men det er også ein risiko for at tiltak kan medføre negative påverknader på økologisk og kjemisk tilstand.

Robuste og velfungerande økosystem spelar ei viktig rolle i å dempe konsekvensane av klimaendringar. Dette kan til dømes vere våtmark, elvesletter og kantvegetasjon som spelar ei viktig rolle i å dempe flaum og erosjon, samt bidra til å beskytte busetnad og infrastruktur mot skader.

Det er behov for betre handtering av overvatn. Kommunane bør sette av tilstrekkeleg areal til dette i kommuneplanane. Dei kommunane som ikkje har skilt overvatn frå avløpsvatn, bør lage ein konkret plan for dette med tidspunkt for gjennomføring.

I arbeidet med klimatilpassing blir det viktig å vektleggje naturen si grunnleggjande evne til å redusere effekten av klimaendringar. Naturbaserte løysingar skal bli prioritert, og vil samtidig gi positive tilleggseffektar for naturmangfald, nærmiljø og folkehelse, i tillegg til redusert ureining. Meir tradisjonelle klimatilpassingstiltak med store inngrep i vassmiljøet, kan føre til negative effektar på livet i vatn.

Både bruk av naturbaserte løysingar, ivaretaking av naturmangfald og økosystem vil vere vesentleg i arbeidet med klimatilpassing i og nær vassførekomstar. Framover vil områda rundt vassdrag, og i nedslagsfeltet spele ei større rolle enn tidlegare for å regulere vasstilførsel, reinse vatn og unngå skadar. Det er viktig å ta vare på myr og vekstar som bidreg til å halde tilbake vatn i vassdraget. Restaurering av elvar kan bidra til flaumdemping ved t.d. å opne lukka bekker og å gi elvevatnet meir plass jf. pkt. 3.4.

[Statleg retningsline for klima og energi](#) (2024) og [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging \(2023-2027\)](#) understrekar at naturbaserte løysingar skal vurderast som klimatilpassingstiltak. Dersom andre løysingar blir valde, skal det grunngjevast kvifor naturbaserte løysingar er valde bort.

Auka temperatur i vassdrag og sjøområde vil gi varmare vatn, raskare algevekst og mindre oksygen i vatnet. Klimaendringar vil slik sett påverke eutrofiering (næringsbelastning) i både ferskvatn og saltvatn. Det er behov for å følge med på denne utviklinga både i ferskvatn og saltvatn, med eit særskilt auge for fjordane i Vestland.

Meir om klimaendringar står omtalt i hovudutfordringsdokumentet kap. 4.11.

3.3.4 Skogbruk

Granskogen som vart planta på Vestland i etterkrigstida held nå på å bli hogstmogen og det er venta at hogsten vil auke dei neste 10-20 åra. Det må byggast fleire skogsvegar eller det vert meir køyring i terrenget. Uttak av skog kan føra til djupe køyrespor og auka avrenning ofte minst eit år etter at tiltaket er avslutta. Begge deler må planleggjast godt dersom påverknad på vassmiljøa skal være minimal.

Skog er med på å regulere vassføring og kvalitet i vassdrag ved å absorbere regnvatn, redusere erosjon og filtrere forureining. Røtene og vegetasjonen gir leveområde (habitat) for mange artar, som på si side igjen støtter biodiversiteten både i skog og vatn.

Eit aktivt skogbruk kan påverke økosystemfunksjonar skogen har på fleire område. Berekraftige metodar kan bidra til å bevare viktige økosystemfunksjonar.

Forskrift om berekraftig skogbruk set føringar for hogst nær vatn. Kommunane bør få ei meir sentral rolle når det gjeld rådgiving og kontroll av tiltak i skogen. I mange tilfelle vert regelbrot

først oppdaga etter at tiltaket er gjennomført. Det bør vurderast å innføre godkjenning av hogst i vassdrag med trua artar t.d. vassdrag med elvemusling.

Meir informasjon om skogbruk står omtalt i hovudutfordringsdokumentet kap. 4.6 om landbruk og kap. 5 om samfunnsutvikling.

3.3.5 Avløp

Utslepp frå større tettbygde område (forureiningsforskrifta kapittel 14)

Når det gjeld utslepp av avløpsvatn frå større tettbygde område i vassregionen, er det stor variasjon i kor langt kommunane har kome med etablering av reinseanlegg som oppfyller gjeldande reinsekrav. Nokre kommunar har gjort gode framsteg, medan status i dei resterande kommunane varierer. Særleg langs den ytre kysten ligg fleire kommunar langt etter i arbeidet med å oppnå krava. Likevel er det no framdrift i dei fleste kommunane også her, og mange har nye reinseanlegg under planlegging eller bygging.

Spreidd avløp og mindre avløpsanlegg (forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13)

Når det gjeld spreidd avløp og utslepp frå mindre tettbygde område, er det store etterslep med å få oppgradert anlegga til gjeldande reinsekrav. Mange kommunar har også ein lang veg å gå når det gjeld å få på plass eit systematisk tilsyns- og oppryddingsarbeid på dette feltet. Med tanke på dei omfattande krava som er venta i samband med revidert avløpsdirektiv (kap. 5), er det viktig at kommunane snarast kjem i gang med dette arbeidet. Det nye direktivet vil truleg innebære fleire nye oppgåver og krav om oppgradering av mange kommunale avløpsanlegg. Dette kan føre til ressursmangel, særleg når det gjeld kapasitet hos kommunar, konsulentar og entreprenørar.

Det er behov for å utarbeide felles mål og tiltak for handtering av spreidd avløp i kommunane.

Meir informasjon om avløp står omtalt i hovudutfordringsdokumentet kap. 4.5.

3.3.6 Plast

Plastforsøpling av vatn, hav og elvar er ei av dei mest alvorlege miljøutfordringane i vår tid. Kvart år hamnar millionar av tonn plast i hava, elvane og innsjøane, noko som har store konsekvensar for økosystem, dyreliv og menneske si helse. I Vestland fylke er plastforsøpling av kysten og vassdrag ei stor utfordring. Det vert aktivt rydda plast gjennom frivillige ryddeaksjonar støtta av m.a. plastposefondet.

Plast er per i dag ikkje inkludert som eit kvalitetselement i vurderinga av økologisk tilstand av ein vassførekomst. Tiltak som planleggast i spesielt forsøpla område kan likevel beskrivast og registrerast i Vann-Nett. EU-kommisjonen føreslår endringar i vassdirektivet om mellom anna å inkludere mikroplast i tilstandsklassifiseringa. Enn så lenge er det ikkje funne ein god måte å bruke ryddedata av makroplast i vurderinga.

I planperioden vil vi nytte tilgjengelege data for å få fram kva for vassdrag og sjøområde som bør ryddast for søppel. Om/når metodikk for måling av mikroplast i tilstandsklassifiseringa er kjent, oppmodar vi styresmaktene til å få eit godt kunnskapsgrunnlag som grunnlag for å oppdatere vassforvaltningsplanen og tiltaksprogrammet. Styrka samarbeid på tvers av

sektorar, auka bruk av teknologi og framleis fokus på utdanning og haldningsendring vil vere avgjerande for å redusere plastforsøplinga i kyst- og vassdragsområda.

3.3.7 Framande arter

Det er behov for å hindre og å redusere spreiding av framande artar som t.d. Japansk sjøpung (hamnespy), pukkellaks og regnbogeaure.

3.4 Kunnskapsgrunnlaget og Vann-nett

Vann-nett er kunnskapsbasen og forvaltingsverktøyet som skal sikre tilgang på miljøinformasjon om bl.a. vassmiljødata, statistikk, rapportar osv. Vann-nett gir viktig kunnskapsgrunnlag for blant anna å kunne vurdere og treffe avgjerder om avbøtande tiltak.

Det er behov for at alle sektorstyresmakter kvalitetssikrar og oppdaterer Vann-nett med relevante data. Sektorstyresmakter må særskilt sjå til at det er tilstrekkeleg med tiltak innafor eige sektoransvar for å nå miljømåla og å oppdatere status for å gjennomføre dei.

Konsekvent inndeling av vassførekomst

Miljødirektoratet hadde ein gjennomgang av inndeling av vassførekomst i 2021 som førte til ei finare inndeling av vassførekomstane. Arbeidet vart førebels avslutta i 2021 då datagrunnlaget til gjeldande forvaltningsplan vart teke ut. Miljødirektoratet har i 2025 fullført inndelinga som vart starta i 2021. Som ein konsekvens av dette arbeidet, har Vestland hausten 2025 fått 1 300 - 1 400 nye vassførekomst i ferskvatn. Vassførekomst i regulerte vassdrag er spesielt vektlagt i denne gjennomgangen. Havforskningsinstituttet har på oppdrag frå Miljødirektoratet føreslege ei ny inndeling av vassførekomst i kystvatn basert på mellom anna vassstype. Ny inndeling av vassførekomst for kystvatn vert truleg gjeldande frå 2028.

3.5 Regionale planretningslinjer i vassforvaltingsplanen

Gjeldande plan, 2022-2027, har regionale planretningslinjer (kap. 1.1.3). Det er satt i gang eit arbeide for å evaluere og oppdatere desse.

Planretningslinjene vert samordna med andre regionale planer hos fylkeskommunen.

Miljødirektoratet har utarbeidd ein [rettleiar om vassmiljø i arealplanlegging](#). Rettleiaren er retta mot ferskvatn. Kystvatn vert tema for neste versjon av rettleiaren.

4 Føringar og rammer for arbeidet

4.1 Internasjonalt samarbeid med felles mål

Den heilskaplege og samordna vassforvaltinga i Noreg byggjer på det europeiske vassdirektivet, som er gjennomført i norsk rett i vassforskrifta frå 2007. Heile Europa har forplikta seg til å arbeide etter same prinsipp og timeplan. Dette gjer det enklare å samarbeide om å ta vare på vassmiljøet i nedbørsfelt som kryssar landegrensene, og det gjer at vi kan lære ved å dele erfaringar og gode eksempel mellom landa. Det opnar også for at

landa kan setje i gang felles forskning og utvikling. I Noreg samarbeider vi tett med dei nordiske nabolanda våre om vassforvaltinga, og vi deltek i den felles europeiske strategien for gjennomføring av vassdirektivet der det er utarbeidd felles rettleiingar og verktøy.

4.2 Forvalting av nedbørsfelt

Heilskapleg og økosystembasert tilnærming til vassdrag og kystområde er eit viktig prinsipp. Påverknad og prosessar i kvart nedbørsfelt vert då sett i samanheng. Vassregionane er derfor delte inn etter nedbørsfelt og følgjer ikkje administrative grenser. Sjå kart over vassregionar i figur 2.

Arbeidet med dei regionale planprosessane etter vassforskrifta følgjer i all hovudsak prinsippa og krava i plan- og bygningslova. I tillegg har vassforskrifta egne krav som følgje av vassdirektivet¹.


Planlegging etter plan- og bygningslova og vassforskrifta handlar om korleis vi skal ta vare på vassmiljøet vårt for oss og etterkomarane våre, og korleis alle brukarar og påverkarar kan bidra saman.

Vassforskrifta og forholdet til anna lovverk

Der det i lovverk eller beskytta område vert stilt strengare krav enn i vassforskrifta, skal strengaste føresegn eller miljømål leggjast til grunn, jf. § 13 og 17 i vassforskrifta. Sjølv om tilstanden i ein vassførekomst er god eller svært god, så skal for eksempel reinsekrav i medhald av regelverket gjennomførast. Vassforskrifta set rammer for utøving av anna regelverk, og føremålet er både å betre og verne vassmiljøet vårt.

¹ [EUs rammedirektiv for vatn \(vassdirektivet\) – konsolidert versjon](#)

Vannregioner



Figur 2 Kart over vassregionar i Noreg.

4.3 Lover og rammer for arbeidet

Vassforskrifta er heimla i [vassressurslova](#) (vrl), [naturmangfaldlova](#) (nml), [forureiningslova](#) og plan- og [byggningslova](#) (pbl). Alle desse lovene er derfor med på å setje rammer for vassforvaltingsarbeidet.

Vassforskrifta og beskytta område

I tråd med vassforskrifta (§ 16) er det oppretta ei oversikt i Vann-Nett over beskytta område. Eit beskytta område er eit geografisk avgrensa område som er underlagt vern etter sektorlovverk. Dette gjeld område med uttak av drikkevatt, rekreasjonsføremål (badevatn), område som er eller kan vere utsette for påverknad frå næringsverksemd, spesielle naturtypar og artar og er lista opp i vassforskrifta, vedlegg IV. For slike område gjeld miljømål som følgjer av grunnlaget for beskyttelse i tillegg til generelle miljømål i vassforskrifta. Dette gjeld f.eks. drikkevasskjelder, der det er

Vannforskriften §1:

Formålet med denne forskriften er å gi rammer for fastsettelse av miljømål som skal sikre en mest mulig helhetlig beskyttelse og bærekraftig bruk av vannforekomstene.

Plan- og byggningsloven §1:

Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner.

eigne krav som skal bidra til trygt drikkevatt og redusere behovet for reinsing ved produksjon av drikkevatt (§ 17), og badeplassar som bør oppfylle kriteria for friluftsbad. Miljømålet kan vere verneformålet i eit verneområde eller avgrensing av ulike former for inngrep, for eksempel i nasjonale laksevasdrag. Dette legg føringar for ny aktivitet eller inngrep i beskytta område.

4.4 Nasjonale føringar og presiseringar

Nedanfor er dei gjeldande nasjonale føringane pr. april 2025 lista opp. Planprosessen vert lagt opp til å stette føringane i dei til ei kvar tid gjeldande nasjonale føringane.

- [Nasjonale føringar for arbeidet med å oppdatere de regionale \(2025\)](#)
- [Presisering av kommunane sine oppgåver og ansvar i vassforvaltninga \(2021\)](#)
- [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027 - regjeringen.no](#)
- [Nasjonale mål for vatn og helse med gjennomføringsplan \(2024\) - regjeringen.no](#)
- [Nasjonale laksefjordar og laksevasdrag](#)

5 Verknad av vassforvaltingsplan og tiltaksprogram

I samsvar med plan- og bygningslova (§ 8.2) skal regional plan leggjast til grunn for arbeidet i regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i vassregionen. Dette vert også slått fast i vassforskrifta (§ 29). Planen vil dermed gi føringar for sektorstyresmaktene si sakshandsaming og for arealplanlegging og utbygging i vassregionen.

5.1 Verknad for sektorstyresmakter

Ansvar for oppfølginga av vassforskrifta er lagt til ulike sektorstyresmakter. Dette inneber at forvaltingsplanar og tiltaksprogram skal følgjast opp sektorvis og med sektorane sine eksisterande verkemiddel. Sektorstyresmaktene har ikkje berre ansvar for å gjennomføre tiltak for å nå miljømåla; dei må også sørge for tilstrekkeleg kunnskap om påverknader, f.eks. gjennom kartlegging og overvaking.

Tiltaksprogrammet som følgjer vassforvaltingsplanen, inneheld forslag til tiltakstypar og har ikkje eit detaljeringsnivå som føregrip sektorstyresmaktene si påfølgjande sakshandsaming av dei ein skilde tiltaka. Vedtak om gjennomføring av ein skild tiltak som inngår i tiltaksprogrammet, blir gjorde av ansvarleg styresmakt etter relevant lovgiving. I sektorstyresmaktene si sakshandsaming vil det bli gjort ytterlegare avklaringar og konkrete vurderingar av fordelar og ulemper ved dei ein skilde tiltaka før endeleg avgjerd om tiltaksgjennomføring blir tatt.

Les meir her om gjeldande [vassforvaltingsplanar og tiltaksprogram](#).

At vedtekne og godkjende regionale vassforvaltingsplanar skal leggjast til grunn, betyr at statlege og regionale styresmakter og kommunar må ta omsyn til miljømålet om å verne vassmiljøet mot kvalitetstap (§ 4). Ny aktivitet eller nye inngrep i ein vassførekomst som kan medføre at miljømåla ikkje vert nådde eller at tilstanden blir dårlegare, må vurderast etter § 12 i vassforskrifta, der det vert stilt strenge vilkår for unntak. Sektorstyresmaktar må melde inn bruk av § 12 i vassforskrifta til vassregionstyresmakta (Vestland fylkeskommune). Informasjonen skal leggjast inn i Vann-nett når Vann-nett er tilrettelagt for dette. Ein oversikt

over bruken av § 12 vil inngå i oppdatert vassforvaltningsplan. Klima- og miljødepartementet har utarbeidd ein eigen [retteleiar om bruk av § 12 i vassforskrifta](#).

5.2 Samanheng med andre planar og miljømål

Arbeidet med forvaltningsplanen skal sjåast i samanheng med anna regional planlegging for å sikre at nødvendige koplingar er på plass og at moglege synergjar blir utnytta.

Det er ifølgje § 8.5 i plan- og bygningslova mogleg å fastsetje regionale planføresegner knytte til retningslinjer for arealbruk i ein regional plan, som skal ivareta nasjonale eller regionale omsyn og interesser.

Forskrift om konsekvensutgreiingar § 21 nemner spesifikt at vesentlege verknader for vassmiljø, jf. vassforskrifta skal vurderast i konsekvensutgreiingar av reguleringsplanar og tiltak. Miljødirektoratet har utarbeidd ei eiga handbok, M-1941, om korleis [greie ut konsekvensar for vassmiljø](#).

Planforslag som er i strid med godkjend regional vassforvaltningsplan, medrekna dei miljømåla planen set, og krava i vassforskrifta § 12 for å tillate ny aktivitet eller nye inngrep, er grunnlag for vurdering av om det skal fremjast motsegn².

Under følger ei oversikt over andre planar og anna utvikling som er av betydning for planarbeidet i vassregionen.

I [utviklingsplanen](#) for Vestland 2024-2028 er det vedteke å utarbeide to nye regionale planer i denne perioden:

- Regional plan for areal og mobilitet
- Regional plan for verdiskaping og kompetanse

Fleire gjeldande regionale planar vert heilt eller delvis erstatta av desse to planane. Aktuelle planer med tema om vassmiljø som vert innlemma heilt eller delvis i dei nye regionale planane er Regional plan for Klima 2022-2035 og Regional plan for fornybar energi 2023-2035.

Planar som vert vidareførte eller reviderte:

- Regional plan for kultur 2023– 2036
- Regional areal- og transportplan for Bergensområdet (2017–2028)
- Regional planar for folkehelse: Hordaland 2014–2025 / S & Fj. 2015–2025
- Regional plan for vassforvaltning Vestland 2022–2027
- Interregionale planar for nasjonale villreinområde

Andre planer i vassregionen som har tema om vassmiljø er mellom anna:

- [Verneplan for Sognefjorden](#) er under utarbeiding.
- Vedteken [interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland](#)

Arbeidet med vassforskrifta vil kunne bidra til å oppfylle andre miljømål og må sjåast i samanheng med miljømål både nasjonalt og internasjonalt. Du kan lese meir om nasjonale og internasjonale miljømål [her](#).

² [Rundskriv T-2/16 frå Klima- og miljødepartementet](#)

6 Vassregionen vår – planområdet


Kort omtale av vassregionen

Vestland vassregion har ei utbreiing på om lag 32 915 km². Vassregionen består i hovudsak av Vestland fylke, men også mindre areal frå grenseområda til Møre og Romsdal, Innlandet, Buskerud og Rogaland inngår i regionen. Vassregionen er delt inn i ni vassområde: Nordfjord, Sunnfjord, Ytre Sogn, Indre Sogn, Nordhordland, Voss- og Osterfjorden, Hardanger, Vest og Sunnhordland (figur 3). Føremålet med vassområda har vore å etablere hensiktsmessige einingar for arbeidet der sektorstyresmaktene samarbeider for å gjennomføre oppgåvene sine i samsvar med vassforskrifta. Oversikt over kommunar som inngår i dei ulike vassområda går fram av tabell 1.

I praksis inngår alt kystvatn frå Nordfjord i nord til Hardangerfjorden i sør og alt ferskvatn som renn ned i desse fjordane og sjøområda i mellom. Det betyr frå Sildegapet og Hornindalsvassdraget i nord til Etnevassdraget i sør med aktuelle kyst og fjordområde. Øvre del av Hornindalsvassdraget ligg i Møre og Romsdal fylke, men høyrer til Vestland vassregion. Delar av Vindafjord kommune i Rogaland har vorte med i Vestland vassregion av geografiske grunnar for å samle fjorden. Grensa for regionen går ut til ei nautisk mil utanfor grunnlina.

Tabell 1 viser areal dei ulike vassområda i Vestland vassregion har og kommunar som inngår i dei ulike vassområda. Mange kommunar har areal i fleire vassområde. Kommunar med utheva skrift har hovudarealet sitt i det aktuelle vassområde, ikkje utheva skrift er kommunar med eit lite areal i vassområdet.

Vassområde	Km ²	% av vassregionen	Kommunar
Nordfjord	4058	12	Kinn, Bremanger, Stad, Gloppen, Stryn , Luster, Sogndal, Sunnfjord, Skjåk, Vanylven, Volda
Sunnfjord	3745	12	Kinn, Askvoll, Fjaler, Sunnfjord , Bremanger, Gloppen, Hyllestad, Høyanger, Sogndal
Ytre Sogn	2900	9	Gulen, Solund, Høyanger, Vik, Hyllestad , Aurland, Fjaler, Masfjorden, Modalen, Sogndal, Sunnfjord, Vaksdal, Voss
Indre Sogn	8103	24	Sogndal, Aurland, Lærdal, Årdal, Luster , Høyanger, Stryn, Sunnfjord, Ulvik, Vik, Voss
Nordhordland	1282	4	Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden , Gulen, Høyanger, Modalen, Vik
Vest	1738	5	Austevoll, Øygarden, Bergen, Bjørnafjorden, Askøy, Samnanger , Kvam, Kvinnherad, Vaksdal
Voss – Osterfjorden	3426	11	Voss, Osterøy, Vaksdal, Modalen , Alver, Aurland, Bergen, Høyanger, Kvam, Masfjorden, Samnanger, Ulvik, Vik,
Hardanger	4552	14	Ullensvang, Kvam, Eidfjord, Ulvik, Voss , Etne, Kvinnherad,
Sunnhordland	3110	9	Bømlo, Kvinnherad, Fitjar, Stord, Sveio, Etne, Tysnes , Vindafjord, Haugesund, Kvam
Vestland vassregion	32915	100	



Figur 3. Kart over Vestland vassregion med vassområde teikna inn.

7 Organisering og ansvar i vassregionen

Planarbeidet i Vestland vassregion er organisert i samsvar med føringane i vassforskrifta. Arbeidet er ein regionalt styrt planprosess, med fylkestinget som øvste planstyresmakt. Arbeidet skjer i ein vekselverknad mellom administrativt og politisk nivå.

7.1 Oppgåver og ansvar

Vassregionstyresmakta (VRM)

Vestland fylkeskommune er vassregionstyresmakt (VRM) for Vestland vassregion og har ansvar for å koordinere arbeidet etter vassforskrifta. Oppgåvene er definert i vassforskrifta § 21 – 29 og 32. Arbeidet skal skje i nært samarbeid med vassregionutvalet. VRM skal koordinere arbeidet med å revurdere og om nødvendig oppdatere gjeldande vassforvaltningsplan med tilhøyrande tiltaksprogram i samsvar med nasjonale føringar for arbeidet (§ 21). Dette inneber m.a. å

- vere plan- og prosessleiar
- samordne utarbeidinga av sektorovergripande forvaltningsplan og tiltaksprogram
- følgje opp og sikre gode bidrag i planarbeidet frå vassområda og ulike sektorstyresmakter
- leggje til rette for medverknad og informasjon i planprosessen
- sørge for at kvalitetskrav og tidsfristar vert overhaldne i tråd med vassforskrifta.
- å støtte vassområda jf. § 23

VRM har ansvar for å opprette og leie eit vassregionutval for regionen med dei presiseringar som følgjer av § 22. Dette inneber og å opprette ei referansegruppe med representantar frå rettighetshavarane, private og ålmenne brukarinteresser og ha kontakt og oppfølging av referansegruppa.

I Vestland fylkeskommune er Fylkestinget vassregionstyresmakt. Fylkesutvalet har mynde til å fatte vedtak undervegs i prosessen mot ein regional vassforvaltningsplan for Vestland. Administrasjonen koordinerer arbeidet etter vassforskrifta.

Fylkeskommunen (FK) – regional planstyresmakt

Vassforvaltningsarbeidet er ein regionalt styrt planprosess etter plan- og bygningsloven, med fylkestinget som øvste planstyresmakt. Fylkeskommunane er regional planstyresmakt i eige fylke. Alle fylke med areal i vassregionen skal vedta vassforvaltningsplanen i aktuelle fylkesting. Fylkeskommunane har ansvar for å følge opp arbeidet i eige fylke.

Statsforvaltaren er miljøfagleg ansvarleg og har ansvaret for å oppdatere kunnskapsgrunnlaget i Vann-nett (§ 15). Dei har og ansvar for å koordinere overvaking og registrere overvakingsdata i Vann-nett (§ 18). Statsforvaltaren koordinerer arbeidet med:

- Overvaking og datahandtering knytt til vassmiljø
- Karakterisering av vassførekomstane
- Vurderingar av påverknader og risiko for at målet om god miljøtilstand ikkje vert nådd
- Klassifisering av miljøtilstand

Sjølv om statsforvaltaren har det faglege hovudansvaret, skal dei involvere andre sektorstyresmakter og lokal kunnskap i arbeidet. Statsforvaltaren og vassregionstyresmakta må derfor leggje til rette for ein prosess der både vassområda og vassregionutvalet blir involverte i arbeidet med kunnskapsgrunnlaget.

Sektorstyresmaktene sitt ansvar. Både regionale og statlege sektorstyresmakter, statsforvaltaren, fylkeskommunen og kommunane har eit sektorielt myndigheitsansvar. Dette inneber både å greie ut forslag til tiltak innan egne ansvarsfelt og bidra til at miljøpåverkar/ansvarleg tiltakshavar gjennomfører aktuelle tiltak. Dei viktigaste oppgåvene til sektorstyresmaktene er:

- Levere informasjon, kunnskap og data til karakteriseringsarbeidet for sitt ansvarsområde
- Føreslå miljøforbetrande tiltak for egne ansvarsområde/levere materiale til tiltaksprogrammet
- Medverke ved fastsetjing av miljømål
- Delta i vassregionutvalet og dersom aktuelt arbeidet i vassområda
- Gjennom bruk av verkemidlane til styresmaktene; bidra til at tiltak innan egne ansvarsfelt blir gjennomførte

7.2 Organisering i Vestland vassregion

Under er det gitt ein oversikt over korleis Vestland vassregion er organisert i dag. Figur 4 viser organisasjonskart for Vestland vassregion vedteke i 2019.

Vassregionutvalet (VRU)

Vassregionutvalet (VRU) er den viktigaste arenaen for regionalt samarbeid om utarbeiding og gjennomføring av vassforvaltingsplanen. Vestland vassregionutval er leia av Vestland fylkeskommune med to representantar frå Fylkestinget.


Oppgåvene til vassregionutvalet er beskrivne i vassforskrifta (kap. 4) og er vidare presiserte i [brev frå Klima- og miljødepartementet \(KLD\) om vassregionutvalet og rammer for vedtak](#). Du kan også lese meir om organisering av vassforvaltingsarbeidet på regionalt og lokalt nivå på [Vannportalen](#).

Dei ulike sektorstyresmaktene (statlege etatar, fylkeskommunar, kommunar) vil i vassregionutvalet ta ansvar for oppgåvene etaten har ansvar for. Kvar etat må bidra med sine verkemiddel for å nå miljømåla. Tilslutning til vassforvaltningsplanen med tilhøyrande plandokument i vassregionutvalet må gjerast av alle etatar i vassregionutvalet.

Kommunane er i dag representert med leiar av vassområdeutvalet i vassregionutvalet (politisk). Dei representerer kommunane i sitt vassområde og dei ansvarsoppgåver og verkemiddel som ligg til kommunane. Framover vil kommunane få høve til i tillegg å stille med ein administrativ bisettar frå kvart vassområde i Vestland vassregionutval. Vassområdekoordinatorane møter også i vassregionutvalet. Det gir eit stort utval med ei blanding av politisk og administrative representantar.

Oversikt over deltakarar i Vestland vassregionutval:

- Vassregionstyresmakta (Vestland fylkeskommune)
- Kommunar representert med leiar av vassområdeutvala (politisk representant) og ein administrativ bisettar
- Statlege etatar (Statsforvaltar, NVE, Fiskeridirektoratet, Mattilsynet, Kystverket, Miljødirektoratet, Statens vegvesen, kontaktpersonar frå andre statlege etatar vert kontakta ved behov; Direktoratet for mineralforvaltning, Bane Nor, Forsvarsbygg ev. andre)
- Fylkeskommunar med areal i vassregionen
- Vassområdekoordinatorar



Figur 4 Organisasjonskart for Vestland vassregion vedteke i 2019. Vassregionen har eit vassregionutval, ei referansegruppe og ni vassområdeutval. Samarbeid mellom vassområdekoordinatotrane, stasforvaltaren og fylkeskommunen er kalla vassområdeforum. Administrative arbeidsgrupper er funksjonelle arbeidsgrupper med deltakrar av vassregionutvalet.

Administrative samarbeidsgrupper under Vestland vassregionutval

Vassregionstyresmakta har oppretta funksjonelle arbeidsgrupper etter behov i samband med oppdatering og gjennomføring av plandokumenta. Faggrupper på regionnivå er etablert innan tema som restaurering av vassdrag, avløp og landbruk etc. Av og til vert statlege etatar samla for å halde framdrift i planarbeidet, informasjonsutveksling etc.

Arbeidsgruppene har hyppigare møte enn vassregionutvalet med intensivt arbeid i enkeltperioder. Arbeidsgruppene består av administrative representantar frå vassregionstyresmakta, statsforvaltaren og relevante regionale sektorstyresmakter og vassområdekoordinatorane.

Dei viktigaste oppgåvene til arbeidsgruppene er å:

- vere ein regional arena for fagleg diskusjon og informasjonsutveksling
- støtte vassregionstyresmakta og leggje til rette for godt grunnlag til vassregionutvalet
- bistå dei ulike vassområda med fagleg grunnlag

Regional referansegruppe er ein viktig arena for regional og lokal medverknad. Det skal leggjast til rette for medverknad frå frivillige organisasjonar, bransjeorganisasjonar og andre interessantar gjennom ei regional referansegruppe jf. vassforskrifta § 22. Bransjar og organisasjonar er representerte i regional referansegruppe gjennom regionale representantar, medan mindre aktørar og lokallag deltek på vassområdenivå. Det er interessegruppene sjølv som avgjer kva som er rett fordeling med omsyn til deltaking på desse to nivåa.

Ei regional referansegruppe med representantar frå aktuelle rettshavarar, private og ålmenne brukarinteresser vart oppretta i juni 2020. Referansegruppa er knytt til vassregionutvalet. Vassområdeutvala har ansvar for å leggje til rette for lokal medverknad gjennom t.d. synfaringa, informasjonsutveksling, innspel til planarbeidet etc.

Vassområdeforum


Vassregionen har i 2025 ni vassområde. Det er etablert eit samarbeidsforum mellom vassområdekoordinatorane, statsforvaltaren og fylkeskommunen (adm.). Fylkeskommunen leiar forumet. Det er aktuelt å invitere andre sektorstyresmakter inn etter behov. Formålet er å sikre eit møtepunkt for utveksling av erfaring, drøfting av felles utfordringar, utarbeide og følgje opp planane i vassområda. Forumet kan gi innspel til arbeidet.

7.3 Organisering i vassområda i Vestland

Vassområda (VO) i Vestland

Krav til organisering av arbeidet i vassområda går fram av § 23 i vassforskrifta. Oversikt over vassområda er vist i figur 3. Alle vassområda er i dag etablert med eit vassområdeutval og ein vassområdekoordinator i 50% stilling i for kvart vassområde. Vassområdeutvala er leia politisk av ein kommune i vassområdet. Kommunane har ein viktig rolle i vassforvaltningsarbeidet. Alle kommunane er representert med ein politisk valt person (ofte ordførar) og ein administrativ kontaktperson i eit vassområdeutval. I tillegg er det etablert administrative arbeidsgrupper og enkelte faggrupper t.d. avløpsgruppe. Vassområdeutvalet avgjer korleis fagpersonar i kommunane skal innvolverast i arbeidet t.d. i ei faggruppe knytt til vassområdeutvalet eller direkte i vassområdeutvalet.

Prinsippskisse for korleis eit vassområde er organisert er vist i figur 5. Ei administrativ gruppe er samansett administrative representantar frå alle kommunane i vassområdet. Vassområdekoordinator vil stå for mykje av arbeidet som skal gjerast i vassområdet. Vassområdeutvalet etablerer faggrupper etter behov og er ansvarleg for å legge til rette for lokal medverknad. Det kan skje gjennom t.d. ei lokal referansegruppe eller deltaking i ulike faggrupper.



Figur 5. Prinsippskisse for organisering i eit vassområde. Ikkje alle vassområdeutvala vil ha desse strukturane t.d. vert faggrupper etablert etter behov.

Mykje av planarbeidet vil i praksis gå føre seg lokalt i vassområda. Vassområda er delte inn etter nedbørsfelt og dekkjer fleire kommunar. Organiseringa bind derfor kommunar og andre aktørar saman på tvers av kommunegrenser i arbeidet for eit godt vassmiljø.

Arbeidet i vassområda er eit viktig grunnlag for den regionale planen. Kommunar og andre partar deltek i faggrupper administrerte av vassområdekoordinator (VOK). Der bidreg dei med kunnskap om påverknader, risiko og tilstand og har mogleik til å utvikle lokale løysingar. Slik mogleggjer arbeidet i vassområdet lokal forankring og medverking pluss innhenting av lokal og erfaringsbasert kunnskap.

Kommunane er styresmakt med ansvar for å treffe vedtak om gjennomføring av tiltak innan bl.a.:

- Drikkevatn
- Avløp
- Overvasshandtering
- Landbruksforvalting
- Arealforvalting
- Ureining

Vassområdekoordinator

Vassområdekoordinator (VOK) er ein felles ressurs for kommunane og hjelper dei med ansvaret og oppgåvene dei har etter vassforskrifta. VOK er ein viktig premissleverandør for dette planarbeidet og har blant anna følgjande oppgåver:

- Dagleg leiing og koordinering av arbeidet i vassområdet/vassområda.
- I samarbeid med fylkeskommunen bidra til informasjon om arbeidet og verknadar av den regionale planen for kommunane.

- Halde kurs og rettleiingsmøte med kommunane i vassområdet/vassområda.
- Samarbeid med deltakarar i lokale utval og grupper, grunneigarar og lokalbefolkning.
- I samarbeid med fylkeskommunen, statsforvaltaren og vassregionutvalet bidra til gjennomføring og oppdatering av forvaltingsplanen, tiltaksprogram, handlingsprogram og overvakingsprogram.

Justering av grensene mellom vassområda og samanslåing av vassområde

Justering av grenser

Følgande justering av grensa mellom Vestland vassregion og Rogaland vassregion vert gjort under føresetnad av at krava for nedbørsfelt forvaltningsområde er innfridd.

- «Basseng F» med nedbørsfelt i Tysvær kommune vert overført til Rogaland vassregion etter ønske frå Tysvær kommune. Basseng F er regulert og vatnet renn i dag ut i Førresfjorden i Rogaland vassregion.

Det er kome framlegg til justering av grensene for to av vassområda, slik at dei betre følgjer kommunegrensene samstundes som kravet om eit samla nedbørsfelt vert ivareteke. Grensene mellom Sunnfjord vassområde og Nordfjord vassområde vert justert som skissert under føresetnad at krava til inndeling av eit vassområde er innfridd.

Sunnfjord vassområdeutval:

- Vassområdeutvalet føreslår at heile nedbørsfeltet til Bygdevågen vert overført frå Ytre Sogn vassområde til Sunnfjord vassområde, slik at Fjaler kommune i større grad blir samla i eitt vassområde.
- Vassområdeutvalet føreslår at heile nedbørsfeltet til Pollen i Nordbotnen (REGINEfeltet 085.64) vert overført frå Sunnfjord vassområde til Nordfjord vassområde, slik at Bremanger kommune i større grad blir samla i eitt vassområde.

Nordfjord vassområdeutval:

- Vassområdeutvalet føreslår at heile nedbørsfeltet til Pollen i Nordbotnen (REGINEfeltet 085.64) vert overført frå Sunnfjord vassområde til Nordfjord vassområde, slik at Bremanger kommune i større grad blir samla i eitt vassområde.

Samanslåing av vassområde

Vestland har i dag ni vassområde og vassområdeutval. For betre å nytte ressursane og å sjå heile fjordsystem i samanheng vil Vestland vassregionutval slå saman følgande vassområde:

- Indre Sogn vassområde og Ytre Sogn vassområde til eit nytt Sognefjord vassområde
- Voss– Osterfjorden vassområde og Nordhordland vassområde til eit nytt vassområde kalla Voss- og Nordhordland vassområde
- Sunnhordland vassområde og Hardanger vassområde til Hardangerfjord vassområde

Med andre ord vil alt ferskvatn som renn ut i Sognefjorden og Sognesjøen høyre til Sognefjord vassområde. Alt ferskvatn som renn ut i Osterfjordsystemet vil høyre til Voss- og Nordhordland vassområde og alt vatn som renn ut i Hardangerfjorden høyre til Hardangerfjord vassområde.

Vassområda vert slått saman etter kommunevalet hausten 2027.

Vi held fram med vassområda Vest, Sunnfjord og Nordfjord med dei grensejusteringar skissert over. Namnet for Vest vassområde vert endra til Midthordland for å få eit meir geografisk namn.

8 Konsekvensutgreiing: planen sin verknad på miljø og samfunn

Kva vil vassforvaltingsplanen bety for miljø og samfunn? Kor langt vil vassforvaltingsplanen bringe oss i retning av betre vern og forbetring av vassmiljøet? Kva vil planen bety for arealbruk og verksemd innan viktige sektorar/næringar? For å få oversikt over dette vil vi arbeide fram ei konsekvensutgreiing (KU) som del av arbeidet med å lage planen. Konsekvensutgreiing av dei regionale vassforvaltingsplanane følgjer av KU-forskrifta § 6 a.

Konsekvensutgreiinga skal være eit hjelpemiddel som gir meirverdi gjennom at planen sitt vedtaksgrunnlag blir best mogleg. I tillegg skal konsekvensutgreiinga oppfylle krava i KU-forskrifta.

Forskrift om konsekvensutgreiingar seier at «for regionale planer kan konsekvensutredningen begrenses til å redegjøre for virkningene planen kan få på et overordnet nivå» (§ 18).

Konsekvensutgreiinga skal gi ei overordna framstilling av kva vassforvaltingsplanen vil bety for miljø og samfunn med vekt på vassmiljøet og for dei viktigaste sektorane som bruker og påverkar vatn. Konsekvensutgreiinga skal oppsummerast i eit kapittel i vassforvaltingsplanen, medan den fullstendige versjonen kan vere eit vedlegg når vassforvaltningsplanen går ut på høyring andre halvår 2026.

Konsekvensutgreiinga skal ikkje omfatte detaljerte vurderingar av kostnader og nytte i vassforvaltingsplanen og tiltaksprogrammet. Konkret vurdering av konsekvensar for miljø og samfunn ved dei føreslegne tiltaka vil kome i samband med sektorstyresmaktene si påfølgjande gjennomføring av dei einskilde tiltaka.

Innhald og omfang til konsekvensutgreiinga vil bli tilpassa nivået som er påkravd for ein overordna plan, (KU-forskrifta § 17) og skal vere relevant for dei avgjerdene som skal takast. Det vart utarbeidd eit [rettleiingsnotat om KU av vassforvaltingsplanane](#) i 2019.


Konsekvensutgreiinga sitt innhald og omfang vil bli tilpassa nivået som er påkravd for ein overordna plan, (KU-forskrifta §17) og skal vere relevant for dei avgjerdene som skal takast. Det er likevel behov for ein nasjonal gjennomgang av konsekvensutgreiinga til dei regionale planane. Erfaringane frå arbeidet med konsekvensutgreiinga for gjeldande plan er at det trengst ei felles tilnærming, og det er viktig at metoden er tilstrekkeleg kvalitetssikra. Miljødirektoratet har sett i gang med å utarbeide ein mal med felles metodikk, men den er enno ikkje klar (oktober 2025). I samband med dette vil det også vere naturleg å evaluere konsekvensutgreiinga for dei regionale planane som er vedtekne.

9 Planprosess, framdrift og medverknad

9.1 Framdrift og organisering av arbeidet

Utarbeiding av ny regional plan for vassforvalting med tiltaksprogram er eit omfattande arbeid med fleire fasar. Det er utarbeidd ein nasjonal rammeplan som fastset fristane for arbeidet. Figur 6 viser rammeplan med hovudfasar i arbeidet med å gjennomføre planen for

2022-2027 og oppdatering av planen for 2028-2033. Det er eit mål at heile vassregionutvalet skal kunne stille seg bak vurderinga av miljøtilstand, risiko, påverknader, miljømål og tiltak som vil inngå i den regionale forvaltingsplanen og i tiltaksprogrammet.



Figur 6 Framdriftsplan for gjennomføring av vassforvaltningsplanen med tiltaksprogram for 2022-2027 og prosess for oppdatering av planen for 2028-2033 (jf. rammeplanen for vassforvaltning, 1. november 2025).

Utarbeiding og høyring av planprogram

Planprogrammet legg premissane for arbeidet med ny regional plan for vassforvaltning med tiltaksprogram og handlingsprogram. Forslag til planprogram og førebels oversikt over hovudutfordringar i vassregionen er lagt ut til offentlig ettersyn. Høyringsinnspel er vurdert og endringar er innarbeidde i dette planprogrammet.

Utarbeiding og høyring av forslag til ny regional vassforvaltningsplan med tiltaksprogram

Utgreiingar og vurderingar som skal liggje til grunn for den nye vassforvaltningsplanen med tiltaksprogram, skal gjennomførast i tråd med planprogrammet. Dette i tillegg til det løpande arbeidet med kunnskapsgrunnlaget om tilstand, påverknader og tiltak.

Sektorstyresmakter lokalt, regionalt og nasjonalt har ansvar for å delta i planprosessen ved å:

- gjere data og kunnskap om påverknader i eigen sektor tilgjengelege i tide, slik at kunnskapsgrunnlaget for oppdaterte planar blir så godt som mogleg når desse skal på høyring.
- kvalitetssikre beskriving og bruk av eigne tiltak og verkemiddel.
- beskrive kor langt dei har kome i tiltaksgjennomføringa, om tiltaka er tilstrekkelege for å nå miljømåla, eller om det må gjennomførast andre og/eller meir omfattande tiltak.
- delta i arbeidet som blir utført av vassregionutvalet og lokale vassområdeutval når relevante tema innan deira ansvarsområde dukkar opp, og sikre at dei ulike sektorane sine påverknader og tiltak blir sett i samanheng.

Aktuelle styresmakter, interesseorganisasjonar og næringsliv vil bli involvert etter behov. Etter medverkningsprosessen vil vassregionstyresmakta utarbeide forslag til ny vassforvaltingsplan. Forslaget blir så lagt ut til offentlig ettersyn og sendt på høyring for å få tilbakemeldingar og innspel som kan gjere forslaget betre.

Politisk vedtak i fylkestinget og nasjonal godkjenning

Den regionale vassforvaltingsplanen med tilhøyrande tiltaksprogram skal vedtakast som regional plan av aktuelle fylkesting. Vedteken oppdatert vassforvaltingsplan skal sendast til Miljødirektoratet, som i samråd med direktoratsgruppa skal sikre at nasjonale føringar og krav i vassforskrifta er følgde opp. Miljødirektoratet sender så direktorata si tilråding til departementsgodkjenning (vassforskrifta § 29). Ved godkjenning kan departementa fastsetje nødvendige endringar i planen ut frå omsynet til rikspolitiske interesser. Klima- og miljødepartementet har presisert [samanhengen mellom plan- og bygningslova og vassforskrifta](#).

9.2 Plan for deltaking og medverknad

Plan for medverknad

Det er eit mål at alle som har interesse for vatn og vassforvalting, skal ha høve til å medverke og gi innspel. Ein god forvaltingsplan og eit godt tiltaksprogram er avhengig av at eit breitt spekter av interesser og brukarar av vatn deltek i prosessen fram mot godkjenning av forvaltingsplanen.

I tillegg til ordinær høyring etter plan- og bygningslova, føreset vassforskrifta at det er etablert samordningsarenaer som gir høve for medverknad. Desse arenaene skal vere etablerte både lokalt i vassområda, regionalt gjennom vassregionutval med tilhøyrande referansegruppe, og sentralt gjennom direktoratsgruppa med tilhøyrande nasjonal referansegruppe.

I vassregionen vår har vi etablert faste møteplassar mellom forvaltinga, sektorstyresmakter, interesseorganisasjonar og bransjar. Vi kjem til å leggje til rette for brei medverknad for alle typar aktørar i vassregionen. Det er mogleg å påverke korleis medverknad skal leggjast opp i planperioden. Sjå plan for deltaking og medverknad i tabell 2. Det vil bli utarbeidd ein nærmare plan for medverknad i samband med oppdatering og gjennomføring av planen på lokalt (vassområde) og regionalt nivå (vassregion). Det er aktuelt å arrangere temamøte for sektorstyresmaktar, interessentar, lag og organisasjonar.

Tabell 2. Oversikt over deltaking og medverknad i samband med oppdatering av vassforvaltningsplanen utifrå rammeplanen for vassforvaltning, versjon 1.11.25. Sektorstyresmakter inkluderer statlege sektorstyresmakter, kommunar og fylkeskommunar. VOK = vassområdekoordinator

Aktivitet	Tidsperiode	Medverknadsaktivitetar	Målgruppe
Oppdatere kunnskaps- og tiltaksstatus i Vann-nett. Gir grunnlagsdata til høyringsutgåve og endeleg utgåve av dokumenta hovudutfordringar, vassforvaltningsplanen og tiltaksprogrammet	Frister der Vann-nett må vere oppdatert: 2024 - 1. juli 2025 - 1. juli 2026 - 1. januar 2027 – 1. mai	Informasjonsmøte med framdriftsplan for sektorstyresmakter og VOK om aktiviteten. Statlege sektorstyresmakter og VOK oppdaterer Vann-nett om status for gjennomføring av tiltak. Sektorstyresmakter og VOK kvalitetssikrar påverknadsgrad i Vann-nett og gir innspel til endring til Statsforvaltaren som oppdaterer Vann-nett (Miljødirektoratet når det gjeld lakselus og rømt oppdrettsfisk). VOK gjer dette arbeidet for kommunane i samråd med aktuell kommune.	Alle sektorstyresmakter må bidra.
Offentleg høyring av: - planprogram - hovudutfordringar	1. januar til 30. juni 2025	Høyringsmøte	- Sektorstyresmakter - Regional referansegruppe - interessentar og interesseorganisasjonar og andre interesserte.
Høyringsinnspel til planprogram og hovudutfordringar vert summert opp, dokumenta vert ferdigstilte og vedtekne	1. juli til 31. desember 2025	Møte i vassregionutvalet og bilateralt etter behov. Orientering til regional referansegruppe	Vassregionstyresmakta, sektorstyresmakter Regional referansegruppe
Utarbeide forslag til høyringsdokument: - forslag til oppdatert vassforvaltningsplan med konsekvensutgreiing (KU) - forslag til oppdatert tiltaksprogram	1.1.26 til august 2026 Frist for innlegging av forslag til tiltak og tiltaksstatus i Vann-nett for sektorstyresmakter: 15.3.2026. VOK legg inndata for kommunane i samråd med aktuell kommune.	- hente inn innspel frå sektorstyresmaktene og andre - Møte i vassområda - Møte i vassregionutvalet og bilateralt - møte i regional referansegruppe - fag/temamøte	Ansvarlege: - Vassregionstyresmakt - Sektorstyresmakter Høve til å gi innspel: - Regional /lokale referansegruppe - Andre interessentar, lag og organisasjonar - ålmenta
Høyring av: - forslag til oppdatert vassforvaltningsplan med KU - forslag til oppdatert	1. nov. 2026 til 30. april 2027	Høyringsmøte	Sektorstyresmakter Regional referansegruppe

Aktivitet	Tidsperiode	Medverknadsaktiviteter	Målgruppe
tiltaksprogram og handlingsprogram			Interesseorganisasjonar, interessentar og andre interesserte
Høyringa blir summert opp, endringar blir føreslegne og forvaltningsplanen, tiltaksprogrammet og handlingsprogrammet stilt ferdig.	1. mai til september 2027	Møte i vassområda og i vassregionutvalet og bilateralt etter behov Orientering til regional referansegruppe	Vassregionstyresmakt Sektorstyresmakter Regional referansegruppe
Vedtak av vassforvaltningsplanen, tiltaksprogrammet og handlingsprogrammet	Desember 2027 (skrivefrist ca. oktober)	Politiske utval, Vedtak i Fylkesting	Politisk nivå
Oversending av vassforvaltningsplanen til Klima - og miljødepartementet for godkjenning	31. desember 2027		KLD
Tilrådingsdokument for vassforvaltningsplanen	2028	Utsjekk av nasjonale føringar m.m. i Direktoratsgruppa	Miljødirektoratet
Godkjenning av vassforvaltningsplanen	2028	Aktuelle departement	KLD

Vedlegg 1 Omgrep og definisjonar

EUs rammedirektiv for vatn (vassdirektivet)

Europaparlaments- og rådsdirektiv 2000/60/EF om etablering av rammer for ein felles vasspolitikk i EU, er eit av EUs viktigaste og mest omfattande og ambisiøse miljødirektiv. Vassdirektivet har som generelt mål at alle vassførekomstar minst skal oppretthalde eller oppnå "god tilstand".

Vassregion

Fleire tilstøytande nedbørfelt, med tilhøyrande grunnvatn og kystvatn, som er sett saman til ei hensiktsmessig forvaltningseining (største forvaltningseining).

Vassområde

Ein del av ein vassregion som består av fleire, eitt enkelt eller delar av nedbørfelt, med eller utan kystområde, som er sett saman til ei hensiktsmessig forvaltningseining.

Vassførekomst Ei avgrensa og til dels vesentleg mengde av vatn, som for eksempel innsjø, magasin, elv, bekk, kanal, grunnvatn, fjord eller kyststrekning, eller delar av desse.

Vassregionstyresmakt (VRM)

Vassforskrifta § 20 angir kva fylkeskommunar som skal vere vassregionmynde for den enkelte vassregion. Vassregionmynda skal i nært samarbeid med vassregionutvalet, koordinere arbeidet med å gjennomføre oppgåvene iht. vassforskrifta (§ 21).

Vassregionutval (VRU)

Eit samarbeidsorgan for Vassregionmynda i arbeidet med å gjennomføre vassforskrifta. VRU skal bestå av representantar frå berørte sektormyndigheiter, statsforvaltarar, fylkeskommunar og kommunar, og er oppnemnt og leia av vassregionmynda (vassforskrifta § 22).

Tiltaksprogram

Eit sektorovergripande tiltaksprogram for den enkelte vassregion skal oppsummere alle relevante fastsette tiltak, og relevante typar av tiltak, som blir føreslått for å oppfylle miljømåla i forvaltningsplanen. Tiltaksprogrammet blir utarbeidd av vassregionmynda i samarbeid med vassregionutvalet. Det skal oppdaterast kvart sjette år (vassforskrifta § 25).

Grunnleggjande og supplerande tiltak

Grunnleggjande tiltak er tiltak som er lovpålagde gjennom andre lover og forskrifter enn vassforskrifta, f.eks. forureiningslova, vassressurslova, etc. Supplerande tiltak er andre tiltak som må gjennomførast i tillegg til grunnleggjande tiltak for å nå vassforskrifta sine miljømål. Supplerande tiltak er ofte frivillige, og blir gjennomførte ved hjelp av økonomiske og administrative verkemiddel.

Vann-nett

www.Vann-nett.no er kunnskapsdatabasen for arbeidet med vassforskrifta i Noreg. Her finst informasjon om miljøtilstand, påverknader og planlagde tiltak på landsbasis, regionalt og lokalt nivå.

Påverknad

Kjente påverknader som blir vurderte å kunne påverke miljøtilstanden i vassførekomsten. Alle relevante påverknader som kan gi avvik frå naturtilstanden skal registrerast i Vann-nett.